

Årsrapport

2023

Coop Hordaland SA



Tiltru til eigenarten | Nytenkande | Ærlegdom | Omtanke | Innverknad



Innhald

04	Kjære medlem	12	Smaken av Vestlandet
05	Litt historie	13	Styrets Årsmelding
06	Kort og godt om året 2023	14	Styret
08	Prosjekt 2023	17	Resultatrekneskap
10	Medlem	18	Balanse
		20	Kontantstraumanalyse
		21	Noter
		36	Revisors beretning
		40	Året 2023
		42	Medarbeidarar og miljø
		44	Årets kollega
		45	Årets butikk
		46	Helse, arbeidsmiljø og tryggleik
		47	Berekraft og samfunnsansvar
		52	Sponsor og omtanke
		55	Framtidsutsikter
		56	Økonomi
		58	Framleis drift og finansiell risiko
		59	Disponering av årets resultat
		60	Butikkoversikt
		62	Ledergruppa

DESIGN: Magnus Røiseith - Coop Hordaland SA

FOTO: Haakon Nordvik, ToveLise Mossestad og Anita Langøy

TRYKK: Aksell

Kjære medlem



I 2023 fekk medlemmane, som også er våre eigarar, ein samla medlemsnytte på rekordhøge 189 millionar kroner. Av dette har medlemmane gleda seg over 113 millionar i rabattar, kupongar og medlemskupp, medan heile 76 millionar kroner er utbetalt som direkte kjøpeutbyte til medlemmane våre. Medlemsnytta har med andre ord auka med 34 millionar kroner, ein auke på 22 prosent frå 2022.

Vi er stolte over å kunne dele overskotet med dykk alle. Det er denne overskotsdelinga som gjer oss til ein annleis kjede innan daglegvare- og byggevarebransjen. Og sidan 2020 har me delt ut betydeleg medlemsnytte av overskotet og verksemda vår: over 700 millionar kroner. Det er stas!

Medlemsnytten auka i takt med omsetningsauken på 5,5 prosent i det siste året. Ved utgangen av 2023 kunne vi glede oss over ein omsetning på over 4 milliardar kroner og heile 116,1 millionar i resultat. Dette resultatet gjer det mogleg å dele overskotet med medlemmane våre både direkte i form av kjøpeutbyte og medlemsnytte ved kvar handletur, men òg indirekte ved at ein del av overskotet blir nytta til å reinvestere i gode handleopplevingar for eigarane våre; oppgradera og vedlikehalde butikkporteføljen og etablere nye butikkar der medlemmane våre bur.

Omsetnings- og resultatutviklinga kjem ikkje av seg sjølv, spesielt ikkje i eit år prega av svært høg priskonkurranse, stort marginpress og auka press på hushaldningsbudsjetta. Alle medarbeidarar og kollegaer har jobba målretta og godt mot dei strategiske måla våre og, ikkje minst, med dei strategiske prosjekta våre. Ein stor og audmjuk takk rettast til alle gode kollegaer for det betydelege arbeidet som er lagt ned i 2023! Det siste året har

vi konsentrert verksemda rundt eit fåtal strategiske prosjekt som kvar for seg og saman har bidrege godt til å balansere ut effekten av fallande varebrutto og marginar. Fleire av prosjekta har òg bidrege godt mot vår berekraftsstrategi; Energioptimalisering, saman med godt svinnarbeid og auka fokus på varegruppa frukt og grønt, har utgjort kjernen i dette. Effektane har ikkje latt vente på seg og vi har hausta gode gevinstar av desse initiativa både med tanke på omsetning, gjennom direkte kostnadsreduksjonar og via reduksjon av vårt totale klimaavtrykk.

Over 13 millionar kundebesøk og kundeaugeblikk fekk vi gleda av å oppleve i 2023. Og over 11 000 kundar meldte seg inn som nye medlemmar. Kvart einaste besøk, kvar einaste kunde og kvart medlem er viktig for oss for å levere på visjonen «Det skal lønne seg å velje Coop».

Og med alle gode kollegaer, styret, tillits- og medlemsvalde, kundar og medeigarar på laget, er eg sikker på at det også i 2024 skal «lønne seg å velje Coop» for oss alle.

Lise Skarpås
Administrerende direktør

Litt historie

Coop Hordaland er Noregs eldste samyrkjelag, og i mai 2024 feirer vi 157 år i drift!



3. mai 1867 utskreiv kong Carl 15. handelsbrev til Arne Forbrugsforening, eit handelsbrev som vart gitt under handa og seglet til kongen.



Førespurnaden til kongen kom frå driftige industrimenn i Ytre Arna, som tok initiativ til å byggja opp det første samyrkjelag i landet; Arne Forbrugsforening.



I det første driftsåret sitt, omsette Arne Forbrugsforening for 2121 spesidalar, ca 8500 i datidas kroner.



Spol frem 157 år og Arne Forbrugsforening som nå heter Coop Hordaland har 175.000 medlemmer og omsette i 2023 for 4 milliarder!

Kort og godt om året 2023

4 mrd

kroner i netto omsetning

1150

tilsette

54% kvinner

46% menn

Coop Byggmix	2
Coop Marked	5
Coop Prix	8
Extra	21
Obs	4
Obs BYGG	5

13,1 mill

kundebesøk

45

butikker

Alver
Askøy
Aurland
Austevoll
Bergen

Bjørnafjorden
Kvam
Osterøy
Ullensvang
Ulvik

Vaksdal
Vik
Voss
Øygarden

Coop Hordaland er representert i

14 kommunar

11 089

nye medlemmar - innmeldingsrekord!

174 924

medlemmar

10 591

familie-medlemmar

76 mill

i utbetalt kjøpeutbytte og medlemsbonusar

113 mill

spart gjennom direkte rabattar

189 mill

i total medlemsnytte

88

kollegaer i Coop Hordaland sprang for Rosa Sløyfe

95

draktsett

delt ut til lokale barneidrettslag

1615 drakter
1615 shortsar
3230 strømper
190 keepersett
190 lagleiartrøyer
1805 markeringsvestar

4,6

millionar

i pant har gått til pantelotteriet gjennom våre automatar



Matsvinn redusert med

158

-10,2%

tonn

30 671

Måltid redda gjennom Too Good to Go

Sorteringsgrad \uparrow 3,2%

78,5%

Tonn avfall

-3,4%

Tonn restavfall

-17,1%

-10,6%

i energiinnsparing

Plastposar solgt

-22,4%

637 757

Coop gjenbruksnett skanna

Prosjekt 2023

Prosjektutvikling innan eigedom spelar ei avgjerande rolle for Coop Hordaland, både når det gjeld nye butikkar/varehus og oppussing/omprofilering av eksisterande butikkar/varehus. Kundetilfredsheit, betre tilgjenge til nye og eksisterande medlemmar, posisjonering og langsiktig vekst er fokusområde i prosjektarbeidet i Coop Hordaland.

Her er eit utval av våre prosjekt i 2023:

- **Opning av Obs Bygg Straume plassert i Straume Næringspark. Samla areal er på ca. 7 500 kvadratmeter.**
- **Opning av ny butikk i Extra-kjeda, Extra Landås, plassert på Landåstorget.**
- **Oppstart rehabilitering av Obs Bygg Lagunen i Laguneparken, ferdigstilling i februar 2024.**
- **Rehabilitering av fasadane til Extra Dale og tilhøyrande bygg, plassert i Dale sentrum. Fasaden vart oppgradert i Dale tradisjonsmønster og fargar, og bileter av lokal Dale-historie ble brukt til å dekorera delar av fasaden.**
- **Oppstart av byggearbeida til ny butikk i Extra-kjeda, Extra Frekhaug, plassert på Frekhaug Torg.**



Obs BYGG Straume

Opningsdagen 04.05.23



Extra Frekhaug

Oppstart av byggearbeida til ny butikk



Extra Dale

Rehabilitering av fasade med historiske innslag



Extra Landås

Opna 20.04.23

Medlem

Rekordhøg innmeldingsandel på nye medlemmar

Året 2023 markerte ein historisk milepåle for Coop Hordaland med rekord i tal på nye medlemmar. Totalt vart det registrert 11 089 nye medlemsinnmeldingar, og det totale medlemstalet per 2023 var heile 174 924 i Coop Hordaland. 61% av dei nye medlemmane er 39 år og yngre, medan 49% er kvinner og 51% er menn. I tillegg nådde vi, nokre dagar inn i januar, medlem nummer 175 000. Dette vart feira med ei hyggeleg markering bestående av kake, blomster og eit gavekort pålydande kr. 5000,- til vårt nye medlem som handlar i si lokalbutikk Extra Nyborg. Den kontinuerlege veksten i talet på medlemmar understrekar attraktiviteten og verdien av vår medlemsmodell. Gode digitale løysingar gjennom Coop-appen, betalingstenesta Coopay, gunstige medlemsfordelar, medlemskupp og aktuelle kampanjar bidrar til auka medlemsverdi. Det er også verd å merka seg den jamne auken i medlemstalet over tid. I løpet av 2023 oppnådde vi ein netto medlemsvekst på 7 368 nye medlemmar, som tilsvara ein auke på +4,4% samanlikna med året før.



Coop Hordaland ser med optimisme på framtida og er forplikta til å halde fram med å levere verdi, engasjement og fordeler til våre medlemmar. Gjennom vår dedikasjon til å tilby ein attraktiv medlemsoppleving og stadig forbetre våre tenester og tilbod, ser vi fram til å halde fram med å vekse og styrkje fellesskapet av Coop-medlemmar i regionen.



Medlemsfordel
VOKSEN -80 KR
BARN -45 KR
rabatt på alle ordinære forestillinger

FYLLINGS
DALEN
TEATER



Medlemsfordel
-12%
på alle ordinære kinobilletter

BERGEN
KINO

ODEON
Sotra



Medlemsfordel
25%

RIB-TURER
OG GUIDEDE
TOPPTURER

HARDANGERFIORD
ADVENTURE

Lokale medlemsfordelar

Som ei medlemsseigd verksemd er medlems-tilfredsheit eit sentralt fokus hos oss. Vi jobbar kontinuerleg med utvikling av lokale medlemsfordelar og har eit mangfald av avtalar med lokale verksemdar som gir våre medlemmer attraktive lokale medlemsfordelar, i tillegg til dei nasjonale fordelane. Vi har etablert avtalar med ei rekke lokale verksemdar innan ulike sektorar, inkludert idrett, kultur, aktivitetar, overnatting og reiser, blant anna. Desse partnerskapa er nøye utvalde for å sikre at våre medlemmer får tilgang til eit variert utval av fordeler som passar deira interesser og behov. Dette er eit viktig element i vårt arbeid med å styrke medlemstilfredsheit og skape verdi for våre medlemmer.

Medlemslojalitet

72,83%

Medlemsandelen av omsetninga frå våre medlemmar i Coop Hordaland var i 2023 på 72,83%. Vi er særst nøgd med at vi har ein høg medlemslojalitet som held seg stabil over tid.



Januar 2024 nådde vi 175 000 medlemmar i Coop Hordaland!

Medlem nr 175 000 blei Lene Skorpen Kavli fra Åsane. Her avbildt med butikksjef Vegard Halseth på Extra Nyborg

Rekordhøg samla medlemsnytte

Våre medlemmar i Coop Hordaland fekk i januar utbetalt MNOK 76 i kjøpeutbytte. Dette er ein auke på +MNOK 2 frå året før. I tillegg fekk våre medlemmar kontrantrabattar frå kupongar og medlemskupp, samt kontrantrabattar frå våre samarbeidspartnarar på MNOK 113, ein auke på +MNOK 32. Dette gir ein samla medlemsnytte på rekordhøge MNOK 189, ein auke på +MNOK 34 (+22%).

Total medlemsnytte fra Coop Hordaland
MNOK 189 mill

SMAKEN AV Vestlandet



Styrets årsmelding

Coop Hordaland har i mange år satsa sterkt på lokal og kortreist mat, og dette engasjementet er av stor betydning på fleire område. Som medlemseigd er Coop Hordaland gjennom sitt samfunnsansvar forplikta til å tilby produkt som har den kortaste mogleg reisevegen frå produsent til forbrukar. Dette betyr at vi prioriterer mat som er produsert lokalt, og som gir fleire fordelar. Kortreist mat er ofte ferskare og meir smakfull, sidan ho ikkje har måtta reise lange avstandar. Redusert transport av matvarer bidrar til lågare klimautslepp og mindre belastning på miljøet, og ved å satse på lokalmat støttar vi lokale bønder, produsentar og næringsdrivande, noko som er avgjerande for lokalsamfunnet vårt.

Vi kallar det kort og godt:

SMAKEN AV VESTLANDET

Vi er stolte av å være ein annleisaktør i daglegvare-bransjen. Vår satsing på lokal mat er ein del av vårt samfunnsansvar og vår forplikting til å skape verdi for medlemmane våre.

Ved å støtte lokale matprodusentar bidrar vi til å bevare matkultur, skape arbeidsplassar og sikre berekraftig matproduksjon for framtida. Så neste gong du handlar, vel kortreist mat og støtt våre lokale heltar.

Vi samarbeider med ei rekkje ulike lokale matprodusentar i Vestlandsregionen. Her er eit lite utval av våre partnerar som leverer nydelege lokale matvareskattar du kan finne i våre Coop-butikkar.



Coop Hordaland driv ved utgangen av 2023 detaljhandel i regionen Hordaland i tillegg til Flåm og Vik i Sogn. Verksemda er konsentrert rundt vareområda daglegvare, bygg, elektronikk/underhaldning, sport/fritid, tekstil/sko og hus/heim. Servicekontoret ligg på Kokstad i Bergen.

Coop Hordaland er eit samyrkjeføretak med 174 924 medeigarar per utgangen av 2023. Talet på samyrkjelag og samla talet på medeigarar for Coop i Noreg ved same tidspunkt var hhv. 58 lag og over 2,3 millionar medeigarar. I tillegg til samyrkjelaga, utgjør Coops verksemd i Noreg òg fellesorganisasjonen, Coop Norge SA, med tilhøyrande dotterselskap.

Formålet til samyrkjiet og verksemda er å forsyna medeigarar med gode kvalitetsvarer og tenester til konkurranse-dyktige prisar. Medeigarar kan gjennom involvering og innverknad i sine valde organ, påverka og ta vare på interessene sine som forbrukarar. På den måten tener verksemda òg som interesseorganisasjon for medeigarane våre.

coop
Hordaland

Coop Hordaland har forretningsverksemd både innanfor daglegvare og byggevare, og samyrkjelaget har 45 butikkar og varehus innanfor følgjande Coop-konsept; Obs bygg, Coop Byggmix, Obs, Extra, Coop Prix og Coop Marked.

Coop Hordaland vart etablert i 2001 etter ein fusjon mellom seks sjølvstendige samyrkjelag i regionen. I 2015 fusjonerte samyrkjelaget òg med Coop Jondal.

Coop Hordaland har eitt heileigd dotterselskap, holdingselskapet Coop Eiendom Vest AS. Coop Eiendom Vest forvaltar og leiger ut næringsseigedom i 15 heileigde dotterselskap.

coop
byggmix

coop
marked

coop
prix

EXTRA

Obs

Obs
BYGG

Styret



Hilde Førland

Styreleiar – medlem av styret sidan april 2018. Styreleiar frå april 2020. Har sidan januar 2018 vore HR-direktør i Norwegian Hull Club. Før dette har ho hatt ei nær 20 år lang karriere og erfaring frå Odfjell Drilling, sist som konsern HR-direktør, der strategisk fokus har vore på utvikling og endringsprosessar knytt til organisasjon, menneske og selskapskultur. Utdanna frå Handelshøyskolen BI (Master of Management) og Cand. Mag. frå Universitetet i Bergen. Har òg gjennomført programmet styrekompetanse på Handelshøyskolen BI. Førland er òg styremedlem i Coop Norge SA.

[Styremøte: 9 av 9](#)



Christine Flataker Johannessen

Nestleiar – medlem av og nestleiar i styret sidan april 2019. Er i dag administrerende direktør i Frydenbø Eiendom. Har tidlegare vore administrerende direktør i Tide Buss, samt lang erfaring som jurist i ulike transportbedrifter som Tide, Kollektivtransportproduksjon (nå Sporveien) og Oslo Vognselskap. Har ein Master i rettsvitenskap frå Universitetet i Bergen og dessutan òg utdanning innan internasjonal rett frå Universidad de Córdoba og Aarhus Universitet.

[Styremøte: 9 av 9](#)



Jan Ivar Rødland

Medlem av styret sidan april 2020. Har sidan 1988 vore skogbruksplanleggjar og òg plansjef i AT Skog (Skogeigarsamvirke for fylka Vestland til Agder og Telemark). Har lang og brei erfaring frå ulike verv, både som styreleiar, styremedlem og som tidlegare ordførar og varaordførar i Granvin Herad. Utdanna ved Voss Jordbruksskule og Gjøvik Ingeniørhøgskole.

[Styremøte: 9 av 9](#)



Thomas Sanddal

Medlem av styret sidan april 2017. Er til dagleg CFO i forskingskonsernet NORCE og har før dette vore CFO både i bioteknologiselskapet Biomega og IT-selskapet Sharecat. Har òg tidlegare arbeidserfaring som investment manager i det aktive eigarfondet Borea og som senior associate i revisjons- og konsultantselskapet PwC. Har vidare styreerfaring frå fleire ulike selskap og bransjar. Utdanna Siviløkonom og Statsautorisert revisor frå Norges Handelshøyskole.

[Styremøte: 8 av 9](#)



Lise Komnæs Jæger

Medlem av styret sidan juni 2022 og varamedlem til styret sidan 2019. Er i dag Head of Marketing i Fjord Line og har før dette bygd opp og leia fleire marknadsførings-/marketingbyråer. Har meir enn ti års erfaring frå Bergens Tidende i ulike leiarroller innan digital forretningsutvikling. Utdanna Siviløkonom frå Norges Handelshøyskole.

[Styremøte: 7 av 9](#)



Erika Orrebakken

Tilsettrepresentant i styret sidan april 2022. Jobbar i dag som butikkmedarbeidar ved Obs Vestkanten og har vore tilsett i Coop Hordaland sidan 2013. Har tidlegare erfaring frå transport- og distribusjonsbransjen. Orrebakken er nå nestleiar i Handel og Kontor, Coop Hordaland.

[Styremøte: 3 av 9](#)



Aleksander Lie Alvær

Tilsettrepresentant i styret sidan april 2023. Er i dag butikksjef ved Extra Fana og har mellom anna erfaring frå å bygge opp nye team og nye butikkar som butikksjef ved etableringa av Extra Eidsvåg i 2022 og Extra Landås i 2023. Tilsett i Coop Hordaland sidan 2015, og har utdanning frå Handelshøyskolen BI innan Grunnutdanning i leing og faget Retail Management.

[Styremøte: 6 av 6](#)



Bjarne Larsen

Tilsettrepresentant i styret sidan april 2023. Blei tilsett som butikksjef ved Extra Manger i 2014 og har vore i same stilling ved Extra Nesttun sidan 2017. Har lang og variert varehandelserfaring før dette med heile 25 år i Rimi. Utdanning frå Norges Handelshøyskole innan faget marknadssføring. Larsen er leiar av Butikkleiarklubben, Coop Hordaland.

[Styremøte: 5 av 6](#)



Resultat- rekneskap

MORSELSKAP			01.01 - 31.12.2024 (Tal i heile tusen)		KONSERN	
2023	2022	NOTE	2023	2022	2023	2022
DRIFTSINNETEKTER OG DRIFTSKOSTNADER						
4 020 566	3 818 940	2, 3	4 020 566	3 818 940	4 020 566	3 818 940
(42 043)	(39 634)		(42 043)	(39 634)	(42 043)	(39 634)
3 978 523	3 779 306		3 978 523	3 779 306	3 978 523	3 779 306
3 158 593	2 984 868		3 158 593	2 984 868	3 158 593	2 984 868
819 930	794 438		819 930	794 438	819 930	794 438
Bruttovinning						
80 311	74 462	3	89 081	83 359	89 081	83 359
80 311	74 462		89 081	83 359	89 081	83 359
Sum andre driftsinntekter						
900 242	868 900		909 012	877 797	909 012	877 797
Netto driftsinntekter						
DRIFTSKOSTNADAR						
420 774	412 262	4, 5	420 774	412 262	420 774	412 262
53 034	54 437	6	64 608	64 881	64 608	64 881
5 300		6	11 300	5 809	11 300	5 809
334 746	329 551	3, 4	308 125	306 800	308 125	306 800
813 854	796 250		804 807	789 752	804 807	789 752
Sum driftskostnader						
86 388	72 650		104 205	88 045	104 205	88 045
Driftsresultat						
FINANSINNETEKTER OG FINANSKOSTNADAR						
22 436	15 377		432	427	432	427
			927	6	927	6
28 700	15 784		37 294	22 781	37 294	22 781
20 690	11 669		36 718	25 118	36 718	25 118
783	250					
		7	7 810	10 262	7 810	10 262
29 663	19 242		7 892	8 345	7 892	8 345
Netto finansresultat						
116 051	91 892		112 097	96 390	112 097	96 390
Ordinært resultat før skattekostnad						
28 190	21 337	8	26 079	20 417	26 079	20 417
Skattekostnad						
87 861	70 555		86 018	75 974	86 018	75 974
ÅRSRESULTAT						
Majoritet sin andel			86 084	75 926	86 084	75 926
Minoritet sin andel			(66)	47	(66)	47
Overføringer						
87 861	70 555					
Overført til/fra anna eigenkapital						
87 861	70 555					
Sum overføringer						

Balanse

MORSELSKAP			31.12.2023		KONSERN	
2023	2022	NOTE	(Tal i heile tusen)		2023	2022
EIGEDELAR						
ANLEGGSMIDLAR						
Immaterielle egedelar						
19 979	19 988	8	Utsett skattefordel		18 755	18 255
19 979	19 988		Sum immaterielle egedelar		18 755	18 255
Varige driftsmidler						
92 571	97 898	6, 9	Tomter og bygningar		525 122	502 356
202 215	198 557	6, 9	Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l		202 584	199 404
294 786	296 456		Sum varige driftsmidler		727 706	701 760
Finansielle anleggsmidler						
34 369	34 369	10	Partsinnskot i Coop Norge		34 369	34 369
373 287	362 259	11	Investeringar i aksjer og andeler		701	676
		7	Investeringar i tilknytt selskap		248 831	228 808
53 652	71 414	7, 11, 13	Ansvarlege lån til tilknytt selskap		-	24 941
0	9 987	12, 13	Andre fordringar		-	9 987
461 307	478 029		Sum finansielle anleggsmidler		283 900	298 781
776 073	794 473		Sum anleggsmidler		1 030 361	1 018 796
OMLAUPSMIDLAR						
Varebeholdning						
361 921	347 709	9, 14			361 921	347 709
Fordringar						
7 420	4 542	12	Kundefordringar		10 108	8 196
35 618	53 500	12	Kortsiktige fordringar		17 120	43 196
43 038	58 042		Sum fordringar		27 228	51 391
Bankinnskot, kontantar o.l						
98 131	101 750	15	Bankinnskot, kontantar o.l		125 795	193 156
403 571	386 819		Coop Norge SA plasseringskonto		403 571	386 819
501 702	488 569		Sum bankinnskot, kontantar o.l		529 366	579 976
906 661	894 320		Sum omlaupsmidler		918 515	979 076
1 682 734	1 688 793		SUM EIGEDELAR		1 948 876	1 997 873

MORSELSKAP			31.12.2023		KONSERN	
2023	2022	NOTE	(Tal i heile tusen)		2023	2022
EIGENKAPITAL OG GJELD						
EIGENKAPITAL						
Innskoten eigenkapital						
52 468	50 245	16, 17	Ansvarsinnskot		52 468	50 245
52 468	50 245		Sum innskoten eigenkapital		52 468	50 245
Minoritet						
					329	395
Opptjent eigenkapital						
20 926	20 926	17	Felleseigd ansvarskapital			
22 821	22 821	17	Reservefond			
35 317	35 317	17	Utbyttefond			
480 680	396 767	17	Annan eigenkapital		573 598	483 606
559 744	475 831		Sum opptjent eigenkapital		573 598	483 606
612 212	526 075		Sum eigenkapital		626 394	534 245
GJELD						
Avsetjing for pliktar						
6 197	7 830	5	Pensjonspliktar		6 197	7 830
6 197	7 830		Sum avsetjing for pliktar		6 197	7 830
Anna langsiktig gjeld						
-	-	9, 18	Gjeld til kredittinstitusjonar		206 400	216 000
579 415	696 663	9, 18, 19	Medlemsinnskot, langsiktige		579 415	696 663
579 415	696 663		Sum anna langsiktig gjeld		785 815	912 663
Kortsiktig gjeld						
43 653	43 799	12	Leverandørgjeld		45 091	49 725
28 181	26 743	8	Betalbar skatt		28 537	27 591
235 839	230 810	19	Medlemsinnskot, kortsiktige		235 839	230 810
-	-		Gjeld til kredittinstitusjonar		30 638	75 424
66 681	55 511		Gjeld til det offentlege		67 080	57 448
49 432	46 664		Skyldig kjøpeutbytte		49 432	46 664
61 125	54 696	12, 20	Anna kortsiktig gjeld		73 854	55 471
484 911	458 224		Sum kortsiktig gjeld		530 470	543 134
1 070 523	1 162 718		Sum gjeld		1 322 482	1 463 627
1 682 734	1 688 793		SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		1 948 876	1 997 873

Kontantstrøm- analyse

Noter

MORSELSKAP		31.12.2023	KONSERN	
2023	2022	(Tal i heile tusen)	2023	2022
Kontantstrømmer frå operasjonelle aktivitetar				
116 051	91 892	Resultat før skattekostnad	112 097	96 390
-26 743	-25 507	Betalt skatt/ tilbakebetalt skatt i perioden	-27 591	-26 007
53 034	54 437	Ordinære avskrivningar	64 608	64 881
5 300	1 759	Nedskrivning av varige driftsmiddel	11 300	7 568
-14 211	-22 559	Endring i varelager	-14 211	-22 559
-2 878	-733	Endring i kundekrav	-1 912	-1 792
-147	11 483	Endring i leverandørgjeld	-4 634	21 920
-1 633	-696	Forskjell mellom kostn.ført pensj. og inn-utbet. i pensj.ordn.	-1 633	-696
-	-	Postar klassifiserte som investering eller finans akt.	-8 235	-10 689
28 698	41 381	Effekt av debetpostar i leverandørkonto	28 698	41 381
15 349	-13 836	Endring i andre tidsavgrensingspostar	1 366	-18 364
172 821	137 621	Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	159 853	152 033
Kontantstrømmer frå investeringsaktivitetar				
103	-	Innbetalningar ved sal av varige driftsmiddel	103	-
-56 807	-41 507	Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmiddel	-59 311	-67 205
-11 813	-30	Utbetalning ved kjøp av aksjar og andelar	-11 813	-280
18 826	-1 545	Utbetalning ved ansvarlege lån til tilknytte selskap	24 941	-2 682
(49 691)	(43 082)	Netto kontantstrømmer frå investeringsaktivitetar	(46 079)	(70 167)
Kontantstrømmer frå finansieringsaktivitetar				
-117 249	-70 746	Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-126 848	-80 346
5 029	1 870	Innbetalningar ved opptak av ny kortsiktig gjeld	-39 758	-63 725
2 223	2 281	Endring i ansvarskapital	2 223	2 281
(109 997)	(66 595)	Netto kontantstrømmer frå finansieringsaktivitetar	(164 383)	(141 791)
13 133	27 944	Netto likviditetsendring gjennom året	(50 609)	(59 924)
488 569	460 625	Behaldning av kontantar og kontantekv. 1.1.	579 976	639 901
501 702	488 569	BEHALDNING AV KONTANTAR OG KONTANTEKV. 31.12	529 366	579 976

Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Års- og konsernrekneskapet for Coop Hordaland SA består av fylgjande delar for morselskapet og konsernet:

- Resultatrekneskap
- Balanse
- Kontantstrømoppstilling
- Notar
- Konsernrekneskap

Årsrekneskap, som er utarbeid av selskapet sitt styre og leiing, må lesast i samanheng med årsmeldinga og revisjonsmeldinga. Når faktiske tall ikkje er tilgjengeleg/sikre på tidspunktet for framlegging av rekneskapen, tilsier god regnskapsskikk at leiinga bereknar eit best mogeleg estimat for bruk i resultatrekneskap og balanse. Det kan framkome avvik mellom estimerte og faktiske tal.

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med krava som følgjer av rekneskapslova med forskrifter og god rekneskapskikk.

Grunnleggjande prinsipp - vurdering og klassifisering: Årsrekneskapen er basert på dei grunnleggjande prinsipp om historisk kost, samanliknbare tal, at drifta skal halda fram, kongruens og varsemd. Transaksjonar er rekneskapsført til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter er resultatført når dei er opptent og kostnader er samanstillt med opptente inntekter. Når faktiske tal ikkje er tilgjengelege/sikre på tidspunktet for framlegging av rekneskapen, tilseier god rekneskapskikk at leiinga bereknar eit best mogeleg estimat for bruk i resultatrekneskap og balanse. Det kan framkome avvik mellom estimerte og faktiske tal.

Eigendelar /gjeld som relaterer seg til varekrinslaupet og postar som forfell til betaling innan eitt år etter balansedagen, er klassifisert som omlaupsmiddel/kortsiktig gjeld. Vurdering av omlaupsmiddel/kortsiktig gjeld skjer til lågaste/høgaste verdi av anskaffingskost og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er definert som anteke framtidig salspris redusert med forventa salskostnadar. Andre eigendelar er klassifisert som anleggsmidlar.

Anna langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

Leige: Driftsmidler som vert leigd på vilkår som i det vesentlege overfører økonomisk risiko og kontroll til selskapet (finansiell leasing), vert balanseført under varige driftsmidler og tilhøyrande leigeplikter er tatt med som skyldnad under renteberande langsiktig gjeld til noverdien av leige-betalingane. Driftsmiddelet er avskrive planmessig, og skyldnaden er redusert med betalt leige etter frådrag for rekna rentekostnad.

Varige driftsmidler: Anleggsmidler vert verdsett til anskaffingskost. Anleggsmidler vert avskrivne over forventa, økonomisk levetid. Investeringsstilskot vert avrekna mot anskaffingskost og reduserer anskaffingskost på dei anleggsmidlane dei er knytt til. Dersom det finn stad ei verdinedgang som ikkje er forbigåande, vert anleggsmiddelet skreve ned i verdi.

Coop Hordaland SA har betydelige investeringar i varige driftsmidler, immaterielle egedelar, tilknytte selskap og dotterselskap. Disse anleggsmidlane testes for nedskrivningar når det foreligg indikatorar på mogleg verdifall.

Andre aksjer og andeler klassifisert som anleggsmidler: Aksjar og andelar i dotterselskaper, felleskontrollert virksomheit og tilknytte selskap regnskapsføres etter kostmetoden i selskapsregnskapet. Aksjar og mindre investeringar i selskap der selskapet ikkje har monaleg påverknad, er klassifisert som anleggsmidler og er balanseført til kost ved kjøp. Investeringsane er nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ein ventar ikkje er forbigåande. Motteke utbyte frå selskapa er inntektsført som finansinntekt.

Andre fordringar klassifisert som anleggsmidler: Andre fordringar er balanseført til anskaffingskost. Andre fordringar er nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som er venta ikkje å vera forbigåande.

Varer: Varer er vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost etter FIFO-metoden og netto salsverdi. Det vert avsett for pårekneleg ukurans på verdien av varelageret.

Fordringar: Kundekrav og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetnad til forventa tap. Avsetnad til tap er gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei einskilde krava.

Bankinnskot, kontantar o.l.: Bankinnskot, kontantar ol. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månadar frå anskaffing.

Enkelte av plasseringane i Coop Norge SA har bindingstid på inntil 12 månader. Desse plasseringane er presenterte under bankinnskot, kontantar o.l. sidan midlane kan frigjerast på kort sikt mot eit gebyr.

Pensjonspliktar, -midlar og pensjonskostnad: AFP-ordning er ikkje ei førtids-pensjonsordning, men ei yting. Ordninga er ei ytingsbasert fleirforetaksordning. Det er selskapet si oppfatning at det foreløpig ikkje har tilstrekkeleg informasjon om fordeling av pensjonskostnad, pensjonsforplikter og -midlar i ordninga kor påliteleg måling kan gjerast innanfor ei balansert kost/ nytte-vurdering. Selskapet behandlar difor ordninga rekneskapsmessig som ein innskotsplan der premiebetalingar

kostnadsførast løpande. Det er ingen avsetnad for pliktene i rekneskapen. Slik Fellesordningen har lagt opp finansieringsstrukturen tilknytt ny AFP forventast fakturert premie å auka i åra framover. Når eller viss tilstrekkelege data føreligg på ein tilgjengeleg måte slik at berekningar kan gjerast, kan det ikkje utelukka at plikta som må innarbeidast vil vere betydeleg.

Utsett skatt og skattekostnad:

Utsett skatt er berekna på bakgrunn av mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier ved utgangen av rekneskapsåret. Ved berekninga er nominell skattesats nytta. Positive og negative skilnader er vurdert mot kvarandre innanfor same tidsintervall. Somme postar er likevel vurdert einskilt, herunder pensjonsplikter. Utsett skattefordel oppstår i fall ein har mellombelse skilnader som gjev opphav til skattemessige frådrag i framtida. Endringar i utsett skatt og utsett skattefordel, saman med betalbar skatt for inntektsåret, korrigerert for feil i berekningane for tidlegare år, utgjer årets skattekostnad.

Skattekostnaden er samanstilt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skatt knytt til eigenkapitaltransaksjonar er ført mot eigenkapitalen. Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på året si direkte skattepliktige inntekt) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden er fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar i høve til skattegrunnlaget. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

Utsett skattefordel balanseførast berre i den grad det er sannsynleg at det vil vera framtidig skattepliktig overskot som er stort nok til å nyttiggjere seg av skattefordelen anten ved at eininga har synt overskot nyleg eller ved at det er identifisert eigendeler med meirverdier. Då eignedomane er eid gjennom eigne aksjeselskap, vert det ikkje satt av for utsett skatt på meirverdi ved oppkjøp.

Salsinntekter: Salsinntekter vurderast til verkeleg verdi av vederlaget, netto etter frådrag for meirverdiavgift, returar og kjøpebonus. Inntekt frå sal av varer resultatførast når produkta er levert til kunden og det ikkje er uoppfylte plikter som kan påverka kunden sin aksept av levering.

Driftskostnader: Driftskostnader resultatførast i same periode som tilhøyrande inntekt.

Konsernrekneskap / konsolidering / eliminerings: Konsernrekneskapen inkluderer Coop Hordaland SA og Coop Eiendom Vest AS og selskap som Coop Hordaland SA og Coop Eiendom Vest AS har bestemmende kontroll over. Bestemmende kontroll oppnåast normalt når konsernet eig meir enn 50 % av aksjane i selskapet, og konsernet er i stand til å utøva faktisk kontroll over selskapet. Minoritetsinteresser inngår i konsern sin eigenkapital. Transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminert. Konsernrekneskap er utarbeidd etter einsarta prinsipp, ved at dotterselskap fylgjer dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet.

Oppkjøpsmetoden er nytta ved rekneskaps-føringa av verksemds-samanslutningar.

Oppkjøpsmetoden inneber :

- a) identifikasjon av overtakande part,
- b) identifikasjon av oppkjøpstidspunkt,
- c) måling og tilordning av anskaffelseskost og
- d) regnskapsføring av goodwill eller negativ goodwill.

Anskaffingskost tilordnast identifiserbare eigendelar og plikter til verkeleg verdi på oppkjøpstidspunktet, med goodwill som ufordelt differanse.

Verkeleg verdi vert berekna ut i frå estimert verdi på eigendelar og pliktar ved sal mellom viljuge, velinformerte partar.

Goodwill vert oppført med både majoriteten og minoriteten sin andel.

Meir-/mindreverdiar som er identifisert ved konserndanninga, resultatførast over same periode og etter same prinsipp som den underliggende eigendelen eller plikta.

Selskap som er kjøpt eller seld i løpet av året inkluderast i konsernrekneskapa frå det tidspunktet ein oppnår kontroll og inntil kontroll opphøyrer.

Tilknytt selskap er einingar kor konsernet har betydeleg (men ikkje bestemmande) kontroll, over den finansielle og operasjonelle styringa (normalt ved eigenandelar på mellom 20 % og 50 %). Konsernrekneskapa inkludera konsernet sin andel av resultat frå tilknytt selskap rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden frå det tidspunktet betydeleg kontroll oppnåast og inntil slik innflytelse opphøyrer.

Når konsernet sin tapsandel overstig investeringa i eit tilknytt selskap, reduserast konsernet sin balanseførte verdi til null og ytterlegare tap rekneskapsførast ikkje med mindre konsernet har ei plikt til å dekke dekka tapet.

Driftstilskot: Driftstilskota resultatførast samstundes med den inntekta det skal auka eller kostnaden det skal redusa. Resultatføring av tilskot skjer fyrst når det er sannsynleg at føresetnad for tilskotet er eller vil verta oppfylt.

Kontantstraumoppstilling: Kontantstraumoppstilling er utarbeidd etter den indirekte metode i samsvar med NRS(F) Kontantstraumoppstilling. Posten Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar som umiddelbart og med uvesentleg kursrisiko kan konverteras til kjente kontantbeløp, og med forfallsdato kortare enn tre månadar frå anskaffingstidspunktet.

Rente Swap: Konsernet si renterisiko er knytt til langsiktige lån. Lån med flytande rente i underkonsernet Coop Eiendom Vest er eksponert for variabilitet i kontanstraumane. For å redusera denne eksponeringa, benyttar underkonsernet renteswaper kor flytande rente mottakas og fast rente betalast. Dersom kriteria for sikringsbokføring er oppfylt inngår desse renteswapene og låna i ein kontantstraumsikring for rekneskapsmål. Kontantstraumsikring reflekterast ved at realiserte og urealiserte vinster og tap på sikringsinstrumentet ikkje resultatførast før det underliggjande sikringsobjektet påverkar resultatrekneskapa. Det skjer inga rekneskapsføring av sikringsinstrumentet før dette tidspunkt. Urealisert gevinst på renteswap pr.31.12.23 er MNOK 18,5.

Straumsikring: Coop Hordaland SA inngår i eit innkjøpslag for straum som blir administrert gjennom Coop Norge SA. Innkjøpslaget kjøper straum til spot på Nordpool, og sikrar ein del av kjøpa ved terminkontraktar. Lagets del av terminkontraktar på straum blir klassifiserte som sikringsinstrument som er ei sikring av ein sannsynleg framtidig transaksjon (kontantstraumsikring). Endring i verkeleg verdi på terminkontraktar

som kvalifiserer som sikringsinstrument i kontantstraumsikring rekneskapsføres ikkje. Urealisert gevinst eller tap kjem fram som differansen mellom historisk kost for dei aktuelle terminkontraktane, målt opp mot dei aktuelle terminkursa ved kjøp av terminkontraktar med identisk forfall - som målt på balansedagen. Urealisert gevinst på lagets del av terminkontraktar på straum pr 31.12.23 er MNOK -3,2.

Note 2 - Salsinntekter

All omsetning skjer frå utsalssteder i regionen Hordaland og dessuten i Vik og Flåm

MORSELSKAP		Varer (Tal i MNOK)	KONSERN	
2023	2022		2023	2022
3 000	2 799	Daglegvare	3 000	2 799
264	271	Faghandel	264	271
757	749	Bygg	757	749
4 021	3 819	Sum salsinntekter	4 021	3 819

Note 3 - Transaksjonar med nærstående partar

Tilknytt selskap til Coop Hordaland SA	Eigarandel
Coop Eiendom Vest AS med dotterselskap	100 %
Coop Hordaland Eiendom AS	50 %
Åsane Energi AS	50 %

Grappa føreteke fleire forskjellige transaksjonar med tilknytt selskap. Alle transaksjonane er føreteke som del av den ordinære verksemda og til armlengdes prisar. Dei vesentlegaste transaksjonane som er føreteke er som fylgjer:

- A) Sal av tenester til Coop Eiendom Vest AS med dotterselskap for henholdsvis MNOK 2,1 i 2023 og MNOK 1,7 i 2022.
- B) Leige av eigedom fra Coop Eiendom Vest AS med dotterselskap. Totale leigebetalingar utgjorde MNOK 63 i 2023 og MNOK 61 i 2022.
- C) Sal av tenester til Coop Hordaland Eiendom- konsernet på MNOK 1,8 i 2023 og MNOK 1,7 i 2022

Sjå note 12 for mellomverande i balansen.

Note 4 - Lønskostnad, tal på tilsette, godtgjerlar, lån til tilsette mm.

All omsetning skjer frå utsalssteder i regionen Hordaland og dessuten i Vik og Flåm

MORSELSKAP		Lønskostnad (Tal i MNOK)	KONSERN	
2023	2022		2023	2022
350 684	343 531	Løn	350 684	343 531
52 283	50 150	Folketrygdavgift	52 283	50 150
13 327	13 358	Pensjon	13 327	13 358
4 480	5 223	Andre ytingar	4 480	5 223
420 774	412 262	Sum	420 774	412 262
667	670	Antall årsverk sysselsatt i året	667	670

Ytingar til leiande personar (tal i kr)	Løn	Pensjonskostnader	Anna godtgjerelse
Administrerande direktør	2 816 488	306 737	171 895
Styret	938 747	-	-
Andre tillitsvalde	807 183	-	-

Etter gjeldande satsar får styreleiar kr. 192.500 i årleg honorar, nestleiar i styret kr. 107.500 og kvar av styremedlemmane elles og dessutan 1.vamedlemmane kr. 85.000 kvar i årleg honorar. Øvrige vamedlemmar får kr. 4.900 pr møte. Det forelegg ikkje avtalar om bonus eller etterlønn til medlem av styret. Administrerande direktør har i tillegg til ordinær grunnløn ein bonusavtale som er basert på resultatgrad.

Lån og garantiar til fordel for:	Lån	Garantiar
Tilsette, andelseigarar, medlemar av styret, kontrollkomite og valkomite	-	-

MORSELSKAP		Revisor (Tal i heile tusen)	KONSERN	
2023	2022		2023	2022
999	776	Lovpålagt revisjon	1 306	1 099
100	145	Andre attestasjonstenester	126	145
140	74	Andre tenester utanfor revisjonen	261	74
1 239	995	Sum	1 692	1 318

Note 5 - Pensjonskostnader, -midlar og -pliktar

Samansetning av samla pensjoner og pensjonsforpliktelsar

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjon etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapets pensjonsordningar tilfredsstiller lova sine krav. Hovedpensjonsordninga som er ein tilskotsplan omfattar 1138 personar og kostnadsførast etter kvart som premien påløp.

Totale pensjonsordningar har følgjande kostnader:

Pensjonskostnad (tal i heile tusen)	2022	2023
Pensjonskostnad tilskotsplan	7 726	7 733
Pensjonsforpliktelse	-	-
Avtalefesta pensjon	5 254	5 278
Arbeidsgiveravgift av øvrige pensjonsordningar	1 830	1 835
Sum pensjonskostnad	14 810	14 846

Laget og tidlegare administrerande direktør har inngått avtale om pensjonsutbetalingar i perioden 01.07.2022 til 30.06.2027. Pr 31.12.2023 er det satt av kr. 6 197 156, inkludert arbeidsgivaravgift.

Note 6 - Varige driftmidlar

Morselskap (tal i heile tusen)	Tomter	Bygn. og anna fast eigedom	Driftslausøyre, invt., verkt. o.l.	Anlegg under utførelse	Sum
Anskaffelseskost 01.01.23	16 048	163 506	716 979	3 637	900 170
Tilgang	-	-859	57 666	-	56 808
Avgang	-	200	102	45	347
Anskaffelseskost 31.12.23	16 048	162 447	774 544	3 592	956 631
Akkumulert avskrivning 31.12.23	-	89 517	567 028	-	656 545
Netto akk. nedskrivning 31.12.23	-	-	5 300	-	5 300
Avskrivningar og nedskrivningar 31.12.23	-	89 517	572 328	-	661 845
Bokført verdi pr. 31.12.23	16 048	72 931	202 215	3 592	294 786
Årets avskrivning	-	4 421	48 614	-	53 034
Årets tapsføring	-	-	5 300	-	5 300
Økonomisk levetid	-	30 år	3-10 år	-	-
Avskrivningsplan	Ingen	Lineær	Lineær	-	-
Årlig leige av ikkje balanseførte driftsmidlar	-	145 174	7 025	-	152 199
Balanseførte leigeavtaler inkl. anskaffelseskost	-	-	-	-	-

Konsern (tal i heile tusen)	Tomter	Bygn. og anna fast eigedom	Driftslausøyre, invt., verkt. o.l.	Sum
Anskaffelseskost 01.01.23	154 393	548 783	745 678	1 448 854
Tilgang	5 952	38 866	57 179	101 997
Avgang	-	245	102	347
Anskaffelseskost 31.12.23	160 345	587 403	802 756	1 550 503
Akkumulert avskrivning 31.12.23	-	204 817	571 522	776 339
Netto akk. nedskrivning 31.12.23	-	17 809	28 650	46 459
Avskrivningar og nedskrivningar 31.12.23	-	222 626	600 172	822 798
Bokført verdi pr. 31.12.23	160 345	364 778	202 584	727 706
Årets avskrivning	-	15 944	48 664	64 608
Årets tapsføring	-	6 000	5 300	11 300
Økonomisk levetid	-	30-50 år	3-10 år	-
Avskrivningsplan	Ingen	Lineær	Lineær	-

Note 7 - Konsernselskap og tilknytta selskap

Følgjande selskap og underkonsern inngår i konsernet Coop Hordaland SA, foruten morselskapet Coop Hordaland SA:

Navn: (tal i heile tusen)	Forretnings- kontor	Eigarandel = stemmeandel	Anskaffelses- kost	Resultat	Eigenkapital
Underkonsernet Coop Eiendom Vest AS består av følgjande selskap:					
Coop Eiendom Vest AS, morselskap	Bergen	100,0 %	-	8 962	85 601
CEV Nyborg AS	Bergen	100,0 %	106	1 410	4 872
CEV Kråkenes AS	Bergen	100,0 %	2 902	909	4 364
CEV Vadmyra AS	Bergen	100,0 %	106	719	-1 032
CEV Fana AS	Bergen	100,0 %	106	975	1 997
CEV Sverresplass AS	Voss	100,0 %	23 238	-6 038	4 912
CEV Skulestadmo AS	Voss	100,0 %	106	1 359	100
CEV Granvin AS	Granvin	100,0 %	106	99	100
CEV Flåm AS	Flåm	100,0 %	168	388	384
CEV Ulvik AS	Ulvik	100,0 %	395	312	603
Landåstorget Næring AS	Bergen	100,0 %	-	-25	2 189
Vestlundveien 9 AS	Bergen	100,0 %	16 556	-668	10 115
CEV Haukås AS	Bergen	100,0 %	37 757	4 931	180
Torghuset AS	Austrheim	100,0 %	31 246	1 489	7 961
Vaksdal Senter AS	Vaksdal	100,0 %	4 517	-220	-202
CEV Strømme Gård AS	Bergen	100,0 %	327	-561	30
Øvrige selskap i konsernet:					
Vaksdal Senter Utvikling AS	Vaksdal	69,6 %	1 616	-221	1 092

Etter oppkjøpsmetoden, er det for meirverdiar på eigendomar i konsernet som er eigd gjennom egne aksjeselskap, ikkje avsett for utsett skatteforpliktelsar då eventuelt sal av eigedommane vil skje gjennom sal av aksjar.

Coop Eiendom Vest AS inngjekk i 2021 avtale om sal av alle aksjar i Vestlundveien 9 AS. Avtalen inneheld vilkår som ikkje er oppfylte pr 31.12.2023, slik at risiko og kontroll er ikkje overført ved rekneskapsårets slutt. Dette medfører at effektar av avtalen ikkje er innregnet i rekneskapsåret for 2023.

Tilknytta selskap som er bokført i konsernrekneskapsåret etter eigenkapitalmetoden:

Navn (tal i heile tusen)	Eigarandel	Anskaffelses- kost	Bokført 1/1 2023	Kapital- endringer	Resultat- andel	Bokført 31/12 2023	Resultat
Borgstova i Vik	25 %	15	-	-	-	-	-
Coop Hordaland Eiendom AS *	50 %	64 500	224 244	11 000	8 728	243 972	16 604
Åsane Bolig AS	25 %	5 243	-	783	-783	-	-1 781
Åsane Energi AS	50 %	5 409	4 564	-	291	4 855	582
Sum	-	75 167	228 808	11 783	8 237	248 831	15 405

* Coop Hordaland Eiendom AS eig pr 31.12.2023 100 % av aksjene i Bergen Logistikkbygg AS, Åsane Utvikling AS og Stuttraaen AS.

Note 8 - Skattekostnad

MORSELSKAP		(Tal i heile tusen)	KONSERN	
2023	2022		2023	2022
Betalbar skatt kjem fram slik:				
116 051	91 892	Ordinært resultat før skattekostnad	112 097	96 390
944	384	Permanente skilnader	-4 696	-8 297
-	-	- Tilgang konsern	4 813	-
-	-	- Avrekning fjorårets skatt	4 083	-
-40	24 084	Endring mellombels skilnader	2 274	32 124
-	-	- Avgitt konsernbidrag	-	-
-	-	- Nytt framførbart underskot og godtgjersle	-	-
116 955	116 360	Grunnlag betalbar skatt	118 571	120 217
25 730	25 599	Skatt 22%	26 086	26 448
25 730	25 599	Betalbar skatt på årets resultat	26 086	26 448
Resultat før skattekostnad				
116 051	91 892	Resultat før skattekostnad	112 097	96 390
25 531	20 216	Skatt 22 % av resultat	24 661	21 206
28 190	21 337	Resultatført skatt	26 079	20 417
(2 659)	(1 120)	Avvik	-1 418	790
Skatt på formue				
(2 451)	(1 143)	Skatt på formue	-2 451	-1 143
-	108	Avrekning fjorårets skatter	-	108
(208)	(84)	Skatt på permanente skilnader	1 033	1 825
(2 659)	(1 120)	Sum avvik	-1 412	790
Årets skattekostnad kjem fram slik:				
25 730	20 301	Betalbar skatt på årets resultat	26 086	19 380
2 451	1 143	Formuesskatt	2 451	1 143
-	-108	Avrekning fjorårets skatt	-898	-108
-	-	- Tilgang konsern	-1 059	-
-	-	- Skatt på konsernbidrag	-	-
9	-	- Brutto endring utsett skattefordel	-500	-
28 190	21 337	Årets totale skattekostnad	26 079	20 417
Spesifikasjon av grunnlag for utsett skatt/utsett skattefordel:				
Forskjeller som utlikna:				
-53 661	-47 617	Anleggsmidler	-46 658	-37 965
-35 760	-42 460	Omlaupsmidler	-35 760	-42 460
-250	-250	Utestående fordringar	-2 157	-2 540
5 454	6 817	Gevinst og tapskonto	5 922	7 402
-400	-	Rekneskapsmessige avskrivningar	-400	-68
-6 197	-7 345	Pensjoner	-6 197	-7 345
-90 815	-90 856	Sum	(85 250)	-82 976
-19 979	-19 988	Utsett skattefordel	(18 755)	-18 255

Skattesatsen er 22 % i 2023. Effekt på balanseført verdi på utsett skattefordel inngår som endring i utsett skattefordel. Utsett Skatt er berekna med 22 %. Utsett skattefordel balanseførast då det er sannsynleg at framtidig skattepliktig overskot er stort nok til at ein kan nyttegjera seg av skattefordelen.

Note 9 - Pantstillingar og garantiar m.v.

MORSELSKAP		(tal i kroner)	KONSERN	
2023	2022		2023	2022
Bokført gjeld som er sikra ved pant o.l.:				
-	-	Gjeld til kredittinstitusjonar	206 400	216 000
579 415	696 663	Anna langsiktig gjeld	579 415	696 663
579 415	696 663	Sum	785 815	912 663
Bokført verdi av eiendeler som er beheftet med pant				
205 806	202 195	Driftslausøyre, inventar, verktøy, maskiner	206 089	198 577
88 979	94 261	Bygningar	284 432	300 104
294 786	296 456	Totalt	490 521	498 681

Det er avgitt pant i varelager til Samvirkelagens Garantifond AL som sikkerheit for medlemsinnkot.

Note 10 - Partsinnkot i Coop Norge SA

Coop Hordaland SA er medlem i Coop Norge SA som er samyrkjelaga sin fellesorganisasjon.

Partsinnskotet i Coop Norge SA er fastsett til kr. 75.000,- ved innmelding og deretter aukar partsinnskotet årleg med 25% av summen Coop Norge SA kvart år betalar ut i kjøpeutbytte. Plikta til å auke partsinnskotet fell vekk dei åra Coop Norge ikkje gjev kjøpeutbytte. Ansvaret for Coop Norge sine plikter er avgrensa til partsinnskotet. Rente på partsinnskotet er avgrensa.

Note 11 - Aksjar og partar i andre føretak m.v. samt ansvarleg lån

(tal i kroner)	Resultat	Eigenkapital	Eigerandel	Kostpris	Balansført verdi på aksjar	Ansvarleg lån
Osøyro	-	-	-	4 000	4 000	-
Reisemål Destinasjon Hardanger	-	-	0,8 %	8 000	8 000	-
Ulvik Næringsutvikling AS	-	-	-	5 000	5 000	-
L.O.G	-	-	-	500	500	-
DnB NOR ASA	-	-	-	58 926	58 926	-
Borgstova i Vik	-	-	25,0 %	15 000	1	-
Øystese Utvikling	-	-	-	60 000	60 000	-
Coop Eiendom Vest AS	8 962 239	85 600 544	100,0 %	148 032 857	148 032 857	42 177 749
Hardangervegen AS	-	-	-	-	5 000	-
Hardangerbadet Eignedom AS	-	-	-	559 829	559 829	-
Coop Hordaland Eiendom AS	4 233 415	450 530 403	50,0 %	141 000 000	219 144 000	-
Åsane Energi AS	582 195	7 233 373	50,0 %	5 409 118	5 409 118	-
Åsane Bolig AS	-1 781 009	557 945	25,0 %	5 492 609	-	125 000
Sum investering i aksjer	-	-	-	300 645 839	373 287 231	-

I tillegg har Coop Hordaland gitt et ansvarleg lån til Vestlundveien 9 AS på kr. 11.348.872

Note 12 - Mellomverande med nærstående

Morselskap (Tal i heile tusen)	2023	2022
Kundefordringar		
Føretak i same konsern	1 824	2 317
Tilknyttta selskap	391	30
Sum	2 215	2 347
Andre fordringar		
Føretak i same konsern	53 527	54 593
Tilknyttta selskap	125	16 837
Sum	53 652	71 430
Leverandørgjeld		
Føretak i same konsern	3 027	2 607
Tilknyttta selskap	-	74
Sum	3 027	2 681

Note 13 - Balansført verdi på fordringar med forfall seinare enn eitt år

MORSELSKAP		(tal i heile tusen)	KONSERN	
2023	2022	Fordringar	2023	2022
-	9 987	Andre fordringar	-	9 987
53 652	71 414	Ansvarleg lån til tilknyttta selskap	-	24 941

Note 14 - Varer

MORSELSKAP		(tal i heile tusen)	KONSERN	
2023	2022	Varer	2023	2022
361 921	347 709	Innkjøpte handelsvarer	361 921	347 709
361 921	347 709	Sum	361 921	347 709
35 760	42 460	Nedskrivning for ukurans	35 760	42 460

Note 15 - Bankinnskot

Bankinnskot, kontantar o.l. omfattar bundne skattetrekksmidlar med kr. 11 968 200. Coop Hordaland SA har unyttta trekkfasiliteter på kassekreditt på kr. 10 000 000.

Note 16 - Medlem

Eigarstruktur

Coop Hordaland SA er ei medlemsseigd verksemd med 174 924 medlemmar pr. 31.12.23

Note 17 - Eigenkapital for morselskap

Morselskap - eigenkapital (tal i heile tusen)	Ansvars- innskot	Felleseigd ansvarskapital	Reserve- fond	Fond for kjøpeutbyte	Annan EK	Sum
Eigenkapital 01.01.23	50 245	20 926	22 821	35 317	396 767	526 075
Årets endring i eigenkapital:						
Auka medlemsinnskot	2 223	-	-	-	-	2 223
Årets resultat	-	-	-	-	87 861	87 861
Andre endringar	-	-	-	-	-3 948	-3 948
Eigenkapital 31.12.23	52 468	20 926	22 821	35 317	480 680	612 212

Kvar medlem hefter for kr. 300,- som er ansvarsinnskot etter ny ordning. Beløpet blir innbetalt ved innmelding. Eldre medlemskap kan hefta for beløp som er mindre enn kr. 300.

Renter av ansvarsinnskot blir godskrivne medlemmane, men berre når overskotet tillèt det.

Valbar til styrande organ er den som er myndig, har vore medlem minst 6 månader, betalt ansvarsinnskot og handla for minst kr 10.000,- dei siste seks månader eller minst kr 20.000,- dei siste tolv månader

Konsern - eigenkapital (tal i heile tusen)	Ansvars- innskot	Annan eigenkapital	Minoritet	Sum
Eigenkapital 01.01.23	50 244	483 605	395	534 245
Årets endring i eigenkapital:				
Auka medlemsinnskot	2 223	-	-	2 223
Årets resultat til majoritet	-	86 084	-	86 084
Årets resultat til minoritet	-	-	-66	(66)
Tilgang konsern	-	4 671	-	4 671
Andre endringar	-	(763)	-	(763)
Eigenkapital 31.12.23	52 468	573 597	329	626 394

Note 18 - Langsiktig gjeld

MORSELSKAP		(tal i heile tusen)	KONSERN	
2023	2022		2023	2022
-	-	Gjeld med forfall meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt	-	-

Langsiktig gjeld på låneinnskot fra medlemmane har ikkje fast forfallsstruktur.

Note 19 - Medlemsinnskot

Medlemsinnskot er det beløp eit medlem har plassert i laget utover ansvarsinnskotet. Medlemsinnskota er sikra gjennom Samvirkelagenes Garantifond A/L.

Coop Hordaland SA har to typer innskotskonti, medlemskonto og høgrentekonto. Høgrentekonto er klassifisert under langsiktig gjeld og medlemskonto er klassifisert under kortsiktig gjeld.

Note 20 - Anna kortsiktig gjeld

MORSELSKAP		(tal i heile tusen)	KONSERN	
2023	2022	Anna kortsiktig gjeld inneheld følgende:	2023	2022
55 612	52 412	Skyldig løn og feriepengar	55 612	52 412
2 122	1 974	Tidsavgrensingar	2 122	1 974
-	-	Skuldig selgarkreditt	10 000	-
3 392	311	Andre gjeldspostar	6 120	1 086
61 125	54 696	Sum	73 854	55 471

Note 21 - Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje forekome hendingar etter balansedagen som har betydning for bedømminga av årsrekneskapen eller konsernrekneskapen.

Revisors beretning



BDO AS
Inger Bang Lunds vei 4
5059 Bergen

Melding frå uavhengig revisor

Til årsmøtet i Coop Hordaland SA

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Coop Hordaland SA.

Årsrekneskapen består av:

- Selskapsrekneskapen, som består av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap, oppstilling over kontantstrømar for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen og notar, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp
- Konsernrekneskapen, som består av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap, oppstilling over kontantstrømar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav
- Gjev selskapsrekneskapen eit rettvisebilete av den finansielle stillinga i selskapet per 31. desember 2023, og av resultat og kontantstrømar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg
- Gir konsernrekneskapen eit rettvisebilete av konsernet Coop Hordaland SA si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av konsernet sine resultat og kontantstrømar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet i samsvar med krava i relevante i lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (inklusive dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstengle som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje annan informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere dersom annan informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.

side 1 av 2

Penneco Dokumentmøkket: 0A45X-70MJC-0HHWF-47CG-ASX0E-OUJEC



Konklusjon om årsmeldinga

Basert på kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningar som skal givast i tråd med gjeldande lovkrav.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for nødvendig internkontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørlig måte opplyse om forhold av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgåver og plikter visast det til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

BDO AS

Charlotte Bårdsen
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.

side 2 av 2

Penneco Dokumentmøkket: 0A45X-70MJC-0HHWF-47CG-ASX0E-OUJEC

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo" - sikker digital signatur. De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Charlotte Bårdsen

Partner

Serienummer: UN-NO-9578-5998-4-997632

IP: 188.95.xxx.xxx

2024-03-11 07:01:54 UTC



Penneo DokumentID: 0A45K70MJC-0HNF-47C0-45K0E-0JBC

Dokumentet er signert digitalt, med Penneo.com. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stempelt med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av et: Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>



Året 2023

Ordet "dyrtid" har vore flittig nytta gjennom 2023. Prisveksten i samfunnet har nådd historisk høge nivå, og i kombinasjon med auka renter og energikostnader har det sett preget sitt på både økonomien til forbrukarane og for verksemder. Innan daglegvarebransjen har vi og kjent på eit betydeleg marginpress. Leverandørane våre har i stor grad auka prisane, samtidig som vi har møtt hard konkurranse og ein forbrukarbase som er meir prismedvite enn nokon gong før.

Det er tydeleg at det skjer ei dreining mot lågprisbutikker, og det er auka fokus på rimelege alternativ i butikkane. Forbrukarane handlar hyppigare og er villige til å besøkje fleire butikkar for å sikra seg gode kjøp. Dyrtida påverkar òg byggjebransjen, der fleire verksemder og privatpersonar utset prosjekt på grunn av høgt rentenivå og strammare hushaldsbudsjett.


Omsetningsfarten gjennom året heldt seg likevel høg, mykje drevet av prisvekst. Samtidig ser me at marginane er fallande og det blir kravd stadig fokus på kostnadar og effektiv drift for å kunna vera konkurransedyktig. Oppsummert endar vi opp med ein oppgang i totalomsetning, der vi såg ein oppgang i daglegvaresegmentet, samtidig som byggjevare fall noko attende utover i året i takt med auka rentekostnader.



Energi har vore ein av fleire store usikkerheitsmoment inn i 2023. Heldigvis har vi sett ei noko utflating av energiprisane. Dette i kombinasjon med eit høgt fokus på energisparande tiltak har gitt god effekt på dei totale energikostnadene i verksemda. På under to år ser vi ein reduksjon på heile 20,1%. Gjennom energioptimaliseringsprosjektet vårt har vi mellom anna skifta til led-belysning i 14 butikkar, jobba med å optimalisera kjøl og fryserekkene våre og etablert vårt første solcelle-tak på Obs Bygg Straume.

Auka rentekostnader og ein generell kostnadsauke i samfunnet medfører at kundane våre no er langt meir prismedvite enn tidlegare. Trenden med vridning mot kjøp av dei gode og rimelegare kvalitetsprodukt våre innanfor eigne merkevarer fortsett inn i 2023.

Kundane vart òg meir klar over moglegheitene for å handla nedprisa varer. Saman med nye system for datostyring, rutinar og spissing av varebestillingar har dette bidrege til at Coop Hordaland minska svinnet sitt innan daglegvarer med 4,7 MNOK kroner målt opp mot året før og det med auka omsetning. Svinn har eit målretta og kontinuerleg fokus i selskapet og ambisjonen er å ta svinnprosenten vesentleg ned òg dei neste åra.



Vi ser framleis ein god del effektar etter pandemien som påverkar korleis kundane våre handlar. Ein stadig større del av kundane våre vel å nytta seg av sjølvbetente kassar. I tillegg ser vi at kundane våre blir stadig meir digitale, og over halvparten av kundane våre føretrekkjer no sjølvbetente kasseløysingar. Digitale betalingsløysingar som CoopPay, samt "klikk og hent" for faghandelsvarar via nettet har framleis god vekst i 2023.



Året 2023 vart nok eit krevjande år med tøff konkurranse, endringar i kjøpekrafta til konsumenten og ein byggemarknad med bremsene på. Trass i dette, kan vi sjå attende på ei god omsetning og gode resultat blant anna som følge av målretta og planmessig arbeid med kostnadsoptimalisering og dei strategiske prosjekta våre.

Medarbeidarar og miljø

Konsernet og selskapet har som mål å vera ein attraktiv arbeidsplass som trekkjer til seg og beheld dyktige medarbeidarar med like rettar og moglegheiter for kvinner og menn.

Ved utgangen av 2023 hadde konsernet og Coop Hordaland SA 1.150 tilsette, der alle var tilsette i Coop Hordaland SA. Til saman utgjør dette 667 årsverk.

STYRET I COOP HORDALAND SA:



Balanse mellom kjønn

Likestilling mellom kvinner og menn står sterkt i Noreg. Likevel opplever ein forskjellar i arbeidsmarknaden generelt, medan forskjellane i Coop Hordaland er betydeleg mindre. 51% av medarbeidarane våre er kvinner.

Coop Hordaland SA har 55 % kvinnelege leiarar, noko som er litt lågare enn i 2022 då me hadde 57%. To av fem medlemmer i leiargruppa er kvinner. Del kvinner i leiande stillingar er god på alle nivå. Det har derfor ikkje vorte sett i gang spesielle tiltak med tanke på likestilling mellom kjønn i Coop Hordaland SA. Selskapet vil halda fram med å ivareta den gode balansen mellom kjønn.



Styret i Coop Hordaland SA er samansett av 4 kvinner og 4 menn, der både styreleiar og nestleiar er kvinner. Kjønnfordeling mellom deltidstilsette: 52% kvinner og 48% menn.

Det var totalt uttak av 630 veker med foreldrepermisjon i 2023, der kvinner gjennomførte 69% av registrert foreldrepermisjon.

Selskapet vil halda fram arbeidet med å ivareta den gode kjønnsbalansen.



Mangfald og likestilling

Vi har som mål å vera ein arbeidsplass der det ikkje eksister diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamning, hudfarge, språk, religion, livssyn eller nedsett funksjonsevne. Organ til medlemstillitsvalde og tilsette i Coop Hordaland har nedfelt i vedtektene at begge kjønn skal vera representert i lagets valde organ. Det er derfor ønska ein kjønnsmessig likeverdig representasjon i ulike organ.

Fleire butikkar tilbyr arbeidspraksis og tilrettelagt arbeid for å kunna hjelpa personar som opplever større utfordringar med å komma inn på arbeidsmarknaden. I 2023 var talet for verksemda 18 personar. Styret vurderer situasjonen som tilfredsstillande, og har derfor ikkje sett det nødvendig å setja i verk spesielle tiltak.

Lønnpolicy

Verksemda si policy i lønsspørsmål byggjer på prinsippet om lik lønn for likt arbeid av lik verdi, uavhengig av kjønn.

Verksemda følgjer tariffavtalar gjennom Landsoverenskomsten Virke/HK og Lederoverenskomsten Virke/Lederne. Landsovereinskomsten omhandlar og regulerer butikkmedarbeidarar og ulike mellomleiarar i butikk og Lederoverenskomsten omhandlar leiarar. Når det gjeld leiarar i butikk, blir lønn regulerte gjennom lokale lønnsavtalar, der lønn er basert på omsetjinga i dei respektive butikkane/varehus og uavhengig av kjønn.

Godtgjersle og lønn i verksemda er konkurransedyktig, men ikkje lønnsleiande og omsyn til moderasjon skal takast vare på.

Selskapet gjennomfører kvart anna år lønnskartlegging fordelt på kjønn og bruken av ufrivillig deltid. Det er i kartlegging for 2023 ikkje avdekt funn som gjer det nødvendig å setja i verk tiltak, men Coop Hordaland vil halda fram med å jobba målretta med å fremja likestilling ytterlegare.

Årets kollega

Åsa Stålberg Skaar
Extra Øystese

Kvar måned gjennom 2023 har vi kåra Månadens kollega, og blant disse flotte kandidatane er det att valt ein medarbeidar som får prisen som Årets kollega i Coop Hordaland. Nominasjonen som Månadens kollega heng høgt, men aller øvst tronar kåringa som Årets kollega.

I 2023 vart prisen tildelt Åsa Stålberg Skaar!



"Løftar stemninga og set eit positivt preg på arbeidsmiljøet!"

Åsa har vore tilsett ved Extra Øystese sidan 2011 og har i over 12 år gjort seg merkbar som ein omsynsfull og varm kollega med eit strålende smil til alle rundt henne. Åsa likar seg spesielt godt i frukt og grønt-avdelinga der ho kan bruke sine kreative evner og lage dei flottaste og mest inspirerande utstillingane. Åsa stiller alltid opp for alle, og uansett kor hektisk eller utfordrande dagen kan vere, kan ein alltid stole på Åsa for å løfte stemninga og setje eit positivt preg på arbeidsmiljøet.

"Går alltid den ekstra mila for å sikre at alle har det bra!"

**Gratulerer så mykje, Åsa!
Kjekt å ha deg med i flokken vår!**

Årets butikk

Prisen som «Årets butikk» blir tildelt den butikken som leverer best innan omsetningsutvikling, resultat og kundetilfredsheit. I tillegg må butikken bestå Trygg vare-kontrollen (gjeld berre for daglegvarebutikkar) og oppnå høge poeng innan leiing og kjedelojalitet. Butikken vert vald ut blant dei kjedevise vinnarane i Coop Hordaland.

I 2023 vart prisen tildelt Coop Prix Ulvik!

Hallvar, Therese og Eli
Coop Prix Ulvik



"Coop Prix Ulvik har prestert svært godt både når det gjeld omsetning og resultat."

Coop Prix Ulvik har prestert svært godt både når det gjeld omsetning og resultat. I tillegg har butikken ein flott utvikling innan kundetilfredsheit og ligg godt over snittet når det gjeld kundeservice. Butikken vert godt leia, medarbeidarane har høg trivsel og saman har dei eit sterkt ønske om å utvikle butikken, levere betre og betre år for år, og være ein naturleg samlingsstad i nærmiljøet.

**Gratulerer så mykje, team Coop Prix Ulvik!
Kjekt å ha dykk med i flokken vår!**

Helse, arbeidsmiljø og tryggleik

Det totale sjukefråværet i 2023 var på 6,8%, noko som dessverre er ein oppgang på heile 0,7 prosentpoeng. Korttidssjukefråværet har derimot gått ned med 0,2 prosentpoeng til 2,7%, noko som betyr at fokuset framover må ligge på å redusere langtids-sjukefråværet. Vi er ikkje nøgde med utviklinga av sjukefråværet og meiner at nivået er noko høgt samanlikna med nasjonale og bransjemessige gjennomsnitt. Vi jobbar no med målretta og spissa tiltak mot ulike fokusbutikkar for å snu trenden.

Verksemdas arbeidsmiljø, inkludert det psykososiale, blir kartlagt i årlege medarbeidarundersøkingar. Det er gledeleg å sjå at medarbeidertilfredsheita over tid held eit stabilt høgt nivå.



Medarbeidertilfredsheit

Medarbeidarundersøkinga 2023
Coop Hordaland

Coop Hordaland har nulltoleranse mot trakassering og kritikkverdige forhold. For å redusere terskelen for varsling, har vi difor ei ekstern, uavhengig varslingskanal i tillegg til andre og lovbestemte kanalar.

Motivasjon og kompetanse hos medarbeidarar er sentralt for god drift og god kundeteneste. Coop Hordaland set kompetanse høgt og meiner dette er ein stor konkurransefordel i dagens marknad med stadig aukande pris- og marginpress. Vi held derfor fram arbeidet med å spissa opplæringa for nye leiarar knytt til HMS og vernerundar, HR og driftsrutinar i butikk.

Det er rapportert 13 yrkesskadar av ulik art, men ingen alvorlege skadar i 2023. Ny hovudverneombod tok over vervet i 2023 og har allereie bidrege godt til å styrkje vernetiltak og -tenesta i verksemda.



Kristina Toft
Hovedverneombud
Coop Hordaland

Berekraft og samfunnsansvar

FNs berekraftsmål

FNs berekraftsmål er den felles arbeidsplanen i verda for å utrydda fattigdom, kjempa mot forskjell og stoppa klimaendringane innan 2030. FNs berekraftsmål består av 17 mål og 169 delmål. Måla skal visa veg for land, næringsliv og sivilsamfunn slik at alle kan bidra til at måla blir nådde.

Coop ser aktivt til FNs berekraftsmål i arbeidet med berekraft slik at me sikrar at vårt eige arbeid blir ein aktiv del av den pågåande globale dugnaden. Coop har prioritert følgjande berekraftsmål, basert på kvar me har størst påverknadsmoglegheit:



Eit berekraftig Coop

Berekraftsarbeidet er sentralt for Coops evne til å skapa vekst, tillit og konkurransekraft i åra som kjem. Coop i Noreg har derfor ein felles berekraftsstrategi og overordna berekraftsmål fram mot 2025. Strategien legg grunnlag for systematisk og målretta arbeid innan fem fokusområde: Ei sunnare handlekorg, eit ansvarleg Coop, eit sirkulært Coop, ein miljøvennleg heim og eit mangfaldig Coop. Coop Hordaland SA skal bidra til at måla i strategien blir nådd gjennom samarbeid med fellesorganisasjon og aktivt arbeid med eigne tiltak.

• Ei sunnare handlekorg:

Coop skal gjera det enklare for alle kundar og medlemmer som ønskjer å eta sunt og berekraftig. Ambisjonane for Ei sunnare handlekorg er langsiktige, men likevel målretta. Coop skal vidareutvikla samarbeidet med helsestyresmaktene og følgja opp forpliktingane i Intensjonsavtalen for eit sunnare kosthald. Styret ser på at Coop Hordaland har ei viktig rolle i dette arbeidet gjennom å følgja opp aktivitetar og tiltak overfor kundar og andre interessentar. Eit døme er Rosa Sløyfe-aksjonen, kor Coop nasjonalt bidrog med kr. 13,2 MNOK frå salet, blant anna gjennom sal av frukt og grønt i 2023.

• Eit ansvarleg Coop:

Coop har eit betydeleg ansvar for at varer og tenester me kjøpar blir produserte på ein forsvarleg måte. Openheit om arbeidsforhold og miljøpåverknad er avgjerande for truverdet vårt som ein leiande handelsaktør, og er samtidig avgjerande for risikohandteringa vår. Organisasjonen jobbar aktivt med å vidareutvikla arbeidet vårt med ansvarlege innkjøp. Utover innkjøp som skjer gjennom Coop Noreg SA vil styret retta spesiell merksemd mot Coop Hordaland SA sine eigne innkjøp av varer og tenester i denne samanhengen.



• Eit sirkulært Coop:

Coop jobbar for smart ressursbruk der materiale går i sirkel. Dette omfattar produkta me produserer, ressursane me bruker på tvers av verksemda og ei berekraftig handtering av avfallet vårt. Me skal optimalisera bruken av emballasje gjennom emballasjestrategien vår, auka sorteringsgrada på avfallet vårt og redusera matsvinnet. Coop Hordaland SA er tilfreds med engasjementet knytt til samarbeidet med Too Good To Go for å handtera overskotsmat i butikk, og vi er stolte over å rapportere ein betydeleg svinnreduksjon for året. Gjennom konseptet vårt "Matredder'n" har Coop Hordaland SA selt 481 tonn varer, og vi har redda 30.671 måltid via Too Good To Go. Totalt har vi oppnådd ein auke i svinnreduksjon på 158 tonn råvarer mot 2022.

På klimaområdet er energi- og transporteffektivisering, og dessutan auka eigenproduksjon av energi viktig for å redusera klimagassutsleppa våre. Tungtransporten av meir lågutslepp som biogass i Coops distribusjon og solcelleanlegg på lagereiningane er sentrale investeringar. Coop Hordaland SA har etablert solcelleanlegg på nye Obs BYGG Straume og fortsett arbeidet med utskifting til meir miljøvennlege kuldemedium i butikk. Det er i tillegg gjennomført vellykka initiativ som utskifting av lys-armatur med meir energieffektive LED-alternativ. Tiltaka har redusert det totale energiforbruket med 11% gjennom året, og viser vår kontinuerlege forplikting til å minimera miljøpåverknaden frå drifta

• Ein miljøvennleg heim:

Coop skal aktivt bidra til auka sirkularitet og redusert miljø- og klimabelastning for medlemmene og kundane våre. Målsetjinga er at produkta me sel skal redusera energi- og ressursforbruk i heim og fritidsbustader landet rundt, mellom anna gjennom meir energieffektive løysingar og meir berekraftige materiale som nyttes til dømes i oppussing, eller i ulike kvardagsprodukt

• Eit mangfaldig Coop:

Coops medlemmer, tillitsvalde og tilsette kjem frå alle samfunnslag og landsdelar, har ulik bakgrunn, utdanning, etnisitet og legning. Dette mangfaldet skal reflekterast i den samla gruppa vår av tilsette, i dei styrande organa for verksemda og blant dei medlemstillitsvalde. Eit endå meir mangfaldig Coop vil òg vera avgjerande for vår eiga utviklingsevne og for dei kommande økonomiske resultatata våre. Styrkt mangfald handlar derfor òg om å tiltrekka seg dei skarpaste hovuda og dei mest motiverte medarbeidarane.

Coop Norge SA er den viktigaste samarbeidspartnaren til samyrkjelaga for å bidra til ei meir berekraftig verksemd. Coop Hordaland viser til Coop Norge SAs Berekraftsrapport som beskriv status og resultat for arbeidet med berekraft i Coop-fellesskapet.

Rapporten og ytterlegare informasjon finst på: www.coop.no/coop-og-barekraft



Matsvinn redusert med
158 ^{-10,2%} tonn

30 671
Måltid redda gjennom
Too Good to Go

Energiforbruk
-10,6%



Openheitslova

Openheitslova tredde i kraft i juli 2022. Lova stiller krav om risikovurderingar, openheit om leverandørkjeder og tilgang på informasjon til interessentar, og er eit viktig og riktig skritt i retning av meir openheit om forholda i komplekse verdikjeder. Styret ser på det som svært viktig at Coop Hordaland, som forbrukareigd verksemd, følgjer kravet i lova og er fornøgd med det arbeidet og risikovurderinga som er igangsett. I første omgang viser me til Coop Norge SAs arbeid knytt til lova, som vil dekkja dei sentrale innkjøpa og samanfalla med Coop Hordaland lokale aktivitet som er relevant med omsyn til openheitslova. Undersøking og risikokartlegging mot lokale leverandørar er gjennomførte utan avvik. Nye lokale leverandørar risikokartleggast fortløpande.

Meir om Coop Norge sitt arbeid med Openheitslova finst her:

www.coop.no/coop-og-barekraft/et-ansvarlig-coop/apenhetsloven-i-coop

Samvirkeanbefalinga

Samvirket, interesseorganisasjonen for samyrkjeføretak i Noreg, har utarbeidd "Samvirkeanbefalinga" med formål om å bidra til god medlemsstyring og føretaksleiing (tilsvarande eigarstyring og selskapsleiing i andre selskapsformer som f.eks. aksjeselskap). Det underliggjande formålet med anbefalinga er å styrke tilliten til føretaka og bidra til størst mogleg verdiskaping over tid til beste for medlemmane, dei tilsette, kreditorar og andre tredjepartar som har interesser i samyrkjeføretaka, og samfunnet som heilskap.

Etterlevinga av Samvirkeanbefalinga vil i praksis vere å følgje dei enkelte anbefalingane eller forklare dersom ein avvikar frå desse.

Meir om medlemsstyring og føretaksleiing i Coop Hordaland SA her:

www.coophordaland.no/medlemsstyring-og-foretaksledelse/

Sponsor og omtanke

Som ein medlemseigd verksemd har Coop Hordaland SA alltid satt kundane først. Vårt fokus er å drive og utvikle verksemda til det beste for våre medlemmer og kundar. Vi trur på å gjere det lønsamt å handle hjå oss, samtidig som vi tek vårt lokale samfunnsansvar på alvor.

Her er nokre nøkkelområde der vi som Coop Hordaland engasjerer oss:

1. Medlemsnytte og overskotsdeling:

I 2023 delte vi ut 189 millionar kroner i samla medlemsnytte til våre medlemmer. Vi er utruleg stolte av å kunne dele overskotet med våre medlemmer. Det er denne overskotsdelinga som gjer oss til ein annleis kjede i daglegvare- og byggevarebransjen. Vi trur på å gi tilbake til lokalsamfunnet og våre medlemmer.

2. Sponsing av lokale idrettslag og dameidrett:

Vi lyttar nøye til våre medlemmer, og fleirtalet oppgjer i ulike undersøkingar at vi bør støtte dameidrett og barne- og ungdomsidretten. Derfor har vi inngått partnerskap med ei rekkje breiddeklubbar i Bergen og omegn. I 2022 inngjekk vi også ein større avtale med SK Brann Kvinner, og vi har eit langsiktig perspektiv på dette samarbeidet. Vi ønsker å bidra til like moglegheiter og støtte lokale idrettslag.

3. Lokalmat og kortreist mat:

Coop Hordaland satsar stort på lokal og kortreist mat. Gjennom vårt konsept Smaken av Vestlandet jobbar vi med å fremje lokale produsentar og gi våre kundar tilgang til kvalitetsprodukt frå nærområdet. Dette er ein viktig del av vårt samfunnsansvar.

4. Berekraft og miljøomsyn:

Vi jobbar kontinuerleg med å redusere vår miljøpåverknad. Dette inkluderer tiltak som kjeldesortering, energieffektivisering og reduksjon av plastforbruk. Vi ønsker å vere ein ansvarleg aktør i lokalsamfunnet og ta vare på miljøet for komande generasjonar.



Rosa Sløyfe-markering i samarbeid med SK Brann Kvinner under ein heimekamp i oktober. Toppserien sin maskot Toppsi skaper flott engasjement blant publikum.

Rosa Sløyfe-aksjonen

Eit sterkt engasjement med heile 88 tilsette frå Coop Hordaland deltok i Rosa Sløyfe-løpet i Bergen sentrum den 3. oktober 2023. Dette er ein auke frå året før, og vi kom på ein sterk 3. plass når det gjeld tal på deltakarar blant alle samyrkjelag i Noreg. Coop i Noreg vart den verksemda med flest deltakarar i dei fysiske løpa som fann stad i Noreg, og det vart sett ny rekord med heile 676 deltakarar totalt i Rosa Sløyfe-løpet.



Coop Hordaland sin stand under Rosa Sløyfe-løpet i Bergen Sentrum 3. oktober. Her deles ut bananar, Lypstyl, Coop muslibar og diverse gåver frå eit populært lykkehjul.



Assisterande butikksjef Stine Kartveit og butikksjef Vegard Halseth ved Extra Nyborg viser fram dei populære rosa gjenbruksnettene

Målet med Rosa Sløyfe er å vise solidaritet med brystkreftramma, spre informasjon og auke kunnskapen om brystkreft. Årets tema var «Forskning nytter». Coop i Noreg har vore samarbeidspartnar med Kreftforeininga i over 15 år, og gjennom ei rekkje ulike donasjonsvarer klarte Coops kundar og medlemmer å samle inn rekordhøge 13,2 millionar kroner til årets aksjon. Sidan samarbeidet starta, er det donert til saman nærare 80 millionar kroner til Kreftforeininga.

13,2 mill

Blei samla inn gjennom Coop til Rosa-sløyfe aksjonen i 2023!



663 tusen

Blei samla inn frå Coop Hordaland sine butikkar i 2023



Draktkampanjen gjennom 22 år

Coop har gjennomført Draktkampanjen i over 20 år, der vi bidrar med gratis drakter til lokale idrettslag i vårt distrikt. Me er stolte over å kunne bidra til både fellesskap og lagånd ved at lokale idrettslag får felles drakter frå Coop. Ofte er det slik at ein drakt er meir enn berre eit plagg. Ho symboliserer fellesskap, samhald og tilhøyrslø. Coop Hordaland har gjennom tidene delt ut fleire tusen gratis drakter til barn og ungdom og er stolte over at vi på denne måten kan bidra til auka lagånd og fellesskap.

Dette er òg eit viktig bidrag til auka inkludering og like moglegheiter. Coop Hordaland har alltid hatt eit sterkt fokus på inkludering. Ved å gi draktsett til lag, sørgjer vi for at alle barn og unge har like moglegheiter til å delta i idrett. Uavhengig av økonomisk bakgrunn eller ressursar kan fleire være med og oppleve gleder ved å spele i eit lag.

I 2023 fekk vi 305 søknader frå lokale idrettslag og vi delte ut drakter til 95 lag. Dette svarar til utlevering av:

- 1615 drakter
- 1615 shortsar
- 3230 strømpar
- 190 keeperset
- 190 lagleiartrøyer
- 1805 markeringvestar

Coop Hordaland i samarbeid med SK Brann inviterte 28 barne- og ungdomslag som hadde mottatt drakt til ei kampoppleving på Brann Stadion i august, der vi markerte Draktkampanjen under kampen.

Coop i Noreg delte ut samanlagt over 20 000 drakter til barn og unge i heile landet i 2023. Me er glade for å kunne bidra til lokalsamfunnet gjennom denne kampanjen, og vi ser fram til å fortsette å støtte barne- og ungdomslag òg i åra som kjem!



Framtids-utsikter

«KI-generert» vart i 2023 kåra til årets ord, og det er ikkje utan grunn. Den digitale utviklinga går raskare enn nokon gong før, og også bransjen vår vil oppleve endringar og moglegheiter framover. Meir kunderetta tilbod, virtuell assistanse, optimalisering av forsyningskjeda og automatisert kvalitetskontroll er berre nokre av områda der KI blir spådde å finne stad i bransjen dei kommande åra.

Verda opplever framleis stor uro, og me ser at denne situasjonen òg kan påverka oss og drifta vår. Endringar i energiforsyningar og transportutfordringar, no sist gjennom Suezkanalen, kan potensielt påverka produksjons- og leverandørleddet stort. Råvaremangel og valutautfordringar er òg faktorar som fort kan gi utslag i prisbilete i bransjen.

Preferansane til forbrukarane kan òg endra seg over tid og me ser allereie auka fokus på berekraft, helse og enkelheit i kvardagen. Handelen skal helst gå raskare, samtidig som at fokuset på leverandørveg, CO2-avtrykk og innhald i produkt aukar. Økonomiske forhold vil òg til ein kvar tid påverka handlemønsteret til konsumenten, og me ser, og vil sjå framover at kundane tilpassar seg raskt, noko som gjer at me òg må kunna tilpassa vareutvalet og konseptet vårt i tilsvarande tempo.

Redusert kjøpekraft medverkar òg til eit større fokus på matsvinn i private heim. Me er opptekne av svinn og et gjerne meir restar. Datovarer og forandringsposane frå Too Good To Go er attraktive, samtidig ser me ei endring mot rimelegare varegrupper som eigne merkevarer, tilbod og kampanjar. Coop lanserer no òg 70% rabatt på varer passert best før dato, noko som har vorte teke godt imot av kundane.

Det blir forventa vidare vekst av nye lågpriskonsept innan nisjeområde. Dei seinaste åra har me sett utrulling av ei rekkje konsept både inn mot eigne område og andre. Denne veksten blir venta å halda fram, og me må stadig spissa eigne konsept for å møte denne konkurransen og nye ønskjer frå kundane våre.

Marginpresset og konkurransen blir forventa å auke òg dei kommande åra og vil leggja press på lønnsmda. Samyrkjelaget vil derfor også i 2024 ha eit sterkt kostnadsfokus for å skapa ei robust og lønnsam drift vidare framover.

Økonomi

Omsetninga i Coop Hordaland SA auka frå 3.819 MNOK i 2022 til 4.021 MNOK i 2023, der største aukinga relaterte seg til daglegvare. Konsernet sitt totale netto driftsinntekt var MNOK 4 021 før kjøpsutbytte til eigne medeigarar. Samla bruttoforteneste for 2023 er på MNOK 819,9. For året totalt ender me på ein prosentuell nedgang i 2023 – bruttoforteneste på 20,6 % i 2023 mot 21,0% året før. I bruttoforteneste inngår òg svinn. Arbeidet med matsvinn har høg prioritert, og me ser ein reduksjon i svinnprosent for femte året på rad. Samla svinn endar på 1,44%, ned frå 1,52% i 2022.

Netto kontantstrøm frå dei operasjonelle aktivitetane i konsernet var MNOK 159,9 i 2023 mot MNOK 152,0 i 2022. Netto kontantstrøm nytta til investeringar var MNOK -46,1 inneverande år mot MNOK - 70,1 i 2022. Investeringane er i all hovudsak brukt til berekraftstiltak, nyetableringar, omprofileringar og oppgradering av butikkar.

Avskrivningar på balanseførte investeringar i eigedom, butikkutstyr/-innreining og anna driftsmateriell enda på MNOK 64,6, ein reduksjon på MNOK 0,3 samanlikna med året før på konsernet. I tillegg er det gjennomført nedskrivningar på 11,3 MNOK i 2023. Personalkostnadene målt mot sal er reduserte med 0,3 % frå 2022 til 2023, noko som kjem av godt arbeid med optimal bemanningsplanlegging, høgt fokus og prosjektet Smart butikkdrift gjennom året. Nominelt auka personalkostnadene noko frå MNOK 412,3 til MNOK 420,8 i 2023. Samtidig ser me ein mindre auke i andre driftskostnader hos morselskapet på 5,2 MNOK. I prosent av sal er det likevel ein reduksjon på 0,3%. Lågare energikostnader og forbruk i kWt forklarar ein større andel av nedtrekket.

BRUTTOFORTENESTE
21,0% → 20,6%
2022 2023

LØNSKOSTNAD
10,9% → 10,6%
2022 2023

OMSETNING
(I MNOK)
3 819 → 4 021
2022 2023

RESULTAT
COOP HORDALAND SA
(i MNOK)

91,9 → 116,1
2022 2023

Resultatet i konsernet vart positivt med MNOK 112,1, ein auke frå året før på MNOK 15,7. Resultatet i Coop Hordaland SA vart positivt med MNOK 116,1, opp frå resultatet året før på MNOK 91,9.

Totalkapitalen for Coop Hordaland SA ved utgangen av året var MNOK 1.683, samanlikna med MNOK 1.689 året før. Det er opparbeidd seg ein god auke i eigenkapitalen med 86,1 MNOK samstundes som langsiktige medlemsinnskot vert redusert med 117,2 MNOK frå 2022. Av ein samla totalkapital på MNOK 1.683 pr. 31.12.23 er 70,8 % finansierte med eigenkapital, eller langsiktig låneinnskot frå medlemmar. Låneinnskota frå medlemmene har på ei anna side ikkje ein fast avdrags- og forfallsstruktur. Rentemarknaden er volatilt om dagen, og selskapet følgjer marknaden tett for å sørgja for at innskotsrenta til medeigarane våre er konkurransedyktig.

Eigenkapitaldelen i Coop Hordaland SA er styrkt dei siste åra, og aukar frå 31,2% i 2022 til 36,4% i 2023. Ut ifrå dette, ser styret seg fornøgd med den finansielle situasjonen i selskapet, og vurderer den finansielle situasjonen i selskapet som god.

Totalkapitalen for konsernet ved utgangen av året var MNOK 1.949. Eigenkapitalen pr. 31.12.23 utgjorde 32,1 % av totalkapitalen, ein solid auke på 5,4 prosentpoeng frå 2022. Etter styret si vurdering er den økonomiske utviklinga og soliditeten i selskapet svært positiv. 37,3 % av balansen i konsernet er investeringar i varige driftsmiddel for å sikra drift i konsernet sine butikkar. Konsernet og selskapet har som målsetjing å halda oppe ein sterk finansiell handlingsfridom. Styret er oppteke av at Coop Hordaland SA lykkast med vidare auke i omsetninga som vil vera avgjerande for framgang i lønnsmda saman med høgt kostnadsfokus. Framover må det òg jobbast med ytterlegare forbetringar i svinn og generell produktivitet i alle ledd.

Framleis drift og finansiell risiko

Gjennom gode innkjøpsvilkår og konkurransedyktige priser, er selskapet i stand til å sikra marknadsselar, og oppgåva er derfor å halda oppe ein vekst som minst er på same nivå som kostnadsveksten. Verksemda er ikkje direkte påverka av valutarisiko eller råvareprisrisiko, men risiko for auka priser på råvarer og leveringstilgang på varer ser me påverkar aktiviteten våra via grossist også i dagens bilete. Risikoen blir derfor vurdert som middels. Renterisiko blir påverka av den generelle utviklinga i rentemarknaden. Medlemsinnskota blir forrenta til ein kvar tids fastsette innskotsrente i samyrkjelaget. Overskotslikviditet blir plassert til konkurransedyktige vilkår i Coop Norge. Styret vurderer renterisikoen vår som låg.

Coop Hordaland SA har teikna styreansvarsforsikring. Dekninga gjeld for medlemmer av styret, dagleg leiar og andre tilsette med eit sjølvstendig leiaransvar. Styreansvarsforsikringa omfattar òg dotterselskap eigd meir enn 50%. Forsikringa dekkjer ansvaret til sikra for formueskade som kjem av krav sett fram mot sikra i forsikringsperioden som følgje av ein påstått ansvarsbetinga handling eller unnlating.

Styret meiner at årsrekneskapane gir eit rett bilete av konsernet og selskapet sitt verksemd og resultat for 2023. Årsrekneskapen er set opp under forutsetning om vidare drift. Styret er ikkje kjent med at det har komme fram opplysningar etter slutten av rekneskapsåret som er av vesentleg verdi for vurderinga av konsernet og selskapsstillinga.

Styret har halde ni styremøte og ei styresamling i 2023.

Disponering av årets resultat

Coop Hordaland SA hadde i 2023 eit årsresultat i morselskapet på MNOK 87,9 Styret foreslår følgjande disponering av årets resultat:

MORSELSKAP	(tal i heile tusen)	KONSERN
87 861	Overført til anna eigenkapital	-
-	Overført til fond	86 084
-	Overført til minoritet	-66
87 861	Sum	86 018


Hilde Førland
Styreleder
Medlemsvalgt


Christine F. Johannessen
Nestleder
Medlemsvalgt


Thomas Samdal
Styremedlem
Medlemsvalgt


Jan Ivar Rødland
Styremedlem
Medlemsvalgt


Lise Jæger
Styremedlem
Medlemsvalgt


Erika Orrebakken
Styremedlem
Ansattvalgt


Bjarne Larsen
Styremedlem
Ansattvalgt


Aleksander Lie Alvær
Styremedlem
Ansattvalgt


Lise Skarpås
Administrerende direktør


Styret vil takka alle kundar som har handla i butikkane våre og alle medlemmar som har støtta samyrkjelaget gjennom kjøp og innskot. Styret vil òg takke alle tilsette i Coop Hordaland SA og medlemsvalte for ein formidabel og flott innsats gjennom året som har gått.

Bergen, 31. desember 2023 / 07. mars 2024

Butikk-oversikt

- 1. Obs Lagunen
- 2. Obs Sartor
- 3. Obs Vestkanten
- 4. Obs Horisont
- 5. Obs BYGG Lagunen
- 6. Obs BYGG Straume
- 7. Obs BYGG Kokstad
- 8. Obs BYGG Åsane
- 9. Obs BYGG Midtun
- 10. Coop Byggmix Vik
- 11. Coop Byggmix Øystese
- 12. Coop Marked Ålvik
- 13. Coop Marked Tørvikbygd
- 14. Coop Marked Stanghelle
- 15. Coop Marked Flåm
- 16. Coop Marked Granvin
- 17. Coop Prix Ulvik
- 18. Coop Prix Strandebarm
- 19. Coop Prix Norheimsund
- 20. Coop Prix Melkeplassen
- 21. Coop Prix Ytre Arna
- 22. Coop Prix Prestestien
- 23. Coop Prix Vaksdal
- 24. Coop Prix Jondal

- 25. Extra Danmarks plass
- 26. Extra Skulestadmo
- 27. Extra Nyborg
- 28. Extra Nesttun
- 29. Extra Fana
- 30. Extra Os
- 31. Extra Valestrand
- 32. Extra Bønes
- 33. Extra Blomsterdalen
- 34. Extra Manger
- 35. Extra Apeltun
- 36. Extra Vadmyra
- 37. Extra Øystese
- 38. Extra Voss
- 39. Extra Vik
- 40. Extra Austevoll
- 41. Extra Haukedalen
- 42. Extra Søreide
- 43. Extra Dalekvam
- 44. Extra Eidsvåg
- 45. Extra Landås



Leder- gruppa



Lise Skarpås
Administrerende direktør

Ove Bruntveit
Økonomidirektør

Joakim Pedersen
Driftsdirektør

Astrid Fjeldstad
Marknad- og medlemsdirektør

Roald Valestrand
Eigedomsdirektør

"Og med alle gode kollegaer, styret, tillits- og medlemsvalde, kundar og medeigarar på laget, er eg sikker på at det også i 2024 skal «løne seg å velje Coop» for oss alle."

- Lise Skarpås
Adm. dir. Coop Hordaland SA

coop
Hordaland